



Ordfører Øyvind H. Oddekalv

Bergen, 12. juni 2019

## TV-AKSJONEN NRK CARE 2019 – Oppmoding om økonomisk stønad

Fyrst og fremst vil eg takka Meland kommune for stønad til TV-aksjonen NRK i fjor. Samarbeidet med Meland kommune er ein lang tradisjon, og er avgjerande i mobiliseringa av innbyggjarane til bøssebering på aksjonsdagen, som i år er 20. oktober. Over 98 prosent av kommunane og fylka i Noreg bidrog til TV-aksjonen i fjor. Eg håpar at Meland kommune også vil støtta TV-aksjonen NRK CARE 2019.

TV-aksjonen går i år til arbeidet CARE gjer for å skapa eit betre liv for kvinner i nokre av verdas mest sårbare område.

TV-aksjonen skal gje 400 000 kvinner moglegheit til å tena sine egne pengar, bestemta over eigen kropp og få si røyst høyrte i samfunnet. TV-aksjonsmidlane går til arbeidet CARE har i Mali, Niger, DR Kongo, Burundi, Rwanda, Palestina, Jordan, Afghanistan og Myanmar.

TV-aksjonen skal gje kvinner eit betre liv, gje dei høve til å skapa sin eigen arbeidsplass, sin eigen inntekt og til engasjement og deltaking i politikk og i lokalsamfunnet. Dette skapar ringverknadar for meir enn 1,5 millionar menneske.

### **Slik kan de enkelt vera med å støtta TV-aksjonen:**

For å synleggjera det breide engasjementet frå alle kommunane i landet blir alle bidraga registrert på [www.giverstafett.no](http://www.giverstafett.no) frå 1. august. Når bidraget er registrert blir faktura straks sendt på e-post. Det går også an å lasta ned faktura som PDF etter at bidraget er registrert. Om du ikkje får faktura på e-post med ein gong, ta kontakt med fylkesaksjonsleiar som kan hjelpe dykk.

Registrerte og innbetalte summar vil bli ein del av statistikken for din kommune på aksjonsdagen.

Ta kontakt med fylkeskoordinator om du har nokre spørsmål.

Med venleg helsing

Marte E. Eggum

Tlf; 95 23 44 84